
Saknr: 2019/101-7
Saksbehandlar Eva Vinjevoll
Dato: 15.01.2020

Til: Trafikktryggingsutvalet
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Søknad om aktivitets- og driftsmidlar til Trygg Trafikk Vestland i 2020

Samandrag

Trygg Trafikk har åleg mange aktivitetar i heile fylket. Trygg Trafikk Vestland har søkt midlar frå Vestland fylkeskommune for å oppretthalde aktiviteten i 2020. I søknaden vert dei planlagde aktivitetane det komande året omtalt. Trygg Trafikk Vestland søker om 1.300.000 kr til aktivitetar. I tillegg har Trygg Trafikk Vestland sendt ein søknad om driftsmidlar som dekker kontor, drifts- og reisetilskot. Behovet for driftsmidlar er 300.000 kr. Vedtak om tildeling blir handsama i saka om fordeling av FTU-midlar.

Bakgrunn

I møte 18. juni 2019 i fellesnemnda fekk prosjektleiar fullmakt til å inngå ny samarbeidsavtale med Trygg Trafikk for Vestland fylkeskommune, som skal føra vidare gjeldande forpliktingar frå samarbeidsavtalene dei to gamle fylka hadde med Trygg Trafikk og Statens vegvesen. I samarbeidsavtala forpliktar fylkeskommunen seg til kvart år å løyva aktivitetsmidlar (midlar til tiltak) til Trygg Trafikk, samt driftsmidlar som skal dekka reise-, kontor- og administrasjonskostnadene. Aktivitetsmidlane skal nyttast i tråd med fylkeskommunen sitt vedtak.

Dette notatet omtalar søknaden frå Trygg Trafikk om drifts- og aktivitetsmidlar, mottatt 10. januar 2020. I søknaden går det fram kva for type aktivitetar som skal gjennomførast i år. Trygg Trafikk sitt arbeid er i særleg grad retta mot arbeidet med Trafikksikker kommune, og å auke trafikksikringskompetansen i barnehage og skule. Fylkesdirektøren føreslår at Trygg Trafikk vert løvd 1,3 millionar kroner i aktivitetsmidlar for 2020, og 300.000 kr i driftsmidlar i tråd med søknad. Vedtak om tildeling blir handsama i saka om fordeling av FTU-midlar.

Driftsmidlar

Driftsmidlane skal dekke kontorstad og drifts- og reisetilskot til Trygg Trafikk Vestland. Trygg Trafikk har no både ein distriktsleiar og ein seniorrådgjevar hos seg, det skal vere med å sikre aktivitet i heile det nye fylket. Etter samarbeidsavtalen mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune skal Trygg Trafikk ha kontorstad i fylkeskommunen, og dei skal ha tilgang til infrastruktur og sørvesttilbod på lik linje med fylkeskommunen sine tilsette. Trygg Trafikk anslår eit behov for driftsmidlar i 2020 på 300.000 kr.

Aktivitetsmidlar

I tråd med samarbeidsavtalen kan Trygg Trafikk søke fylkeskommunen om aktivitetsmidlar til trafikktryggingstiltak i regi av Trygg Trafikk i Vestland. I søknaden deler Trygg Trafikk opp aktivitetane sine i desse satsingsområda:

Aktivitet	Sum
Trygge og sikre barn	300 000,-
Trafikksikker ungdomstid	250 000,-
Tryggleik for fotgjengarar og syklistar	300 000,-
Systematisk trafikksikringsarbeid	400 000,-
Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd	50 000,-
Søknadssum aktivitetsmidlar 2020	1 300 000,-

Konkrete døme på aktivitetar er mellom anna sykkelopplæring, Barnas trafikkklubb, teaterframstilling om trafikktrygging og kursing av tilsette i barnehagar, helsestasjonar, lærarar, politi og Statens vegvesen. Trygg Trafikk arrangerer rebusløp for russ, russearrangementet i Grieghallen (føreslått som eiga post i fordelingssaka for FTU-midlane) og kampanjane #ErDuSikker? og #bruksykkellys. I tillegg kjem det systematiske trafikktryggingsarbeidet med godkjenningsordninga Trafikksikker kommune. Tidlegare distriktsleiari i Sogn og Fjordane går no over i ei rolle som seniorrådgjevar, og han vil jobbe særleg med fokus på Trafikksikker kommune. I den grad det er trong for det, ønskjer distriktsleiaren å ha eit handlingsrom til å kunne omdisponere midlane mellom tiltaka og aktivitetane, innanfor ramma på 1 300.000 kr. Distriktsleiaren vil til ei kvar tid kunna rapportera til FTU og hovudutvalet om bruken av midlane, i tillegg til den faste årsrapporten. Ved større budsjettendringar innanfor aktivitetsmidlane, kan hovudutvalet be om at dette vert lagt fram som eiga sak.

Vedlegg

- 1 Aktivitetsmidlar 2020 for Trygg Trafikk
Vestland
- 2 Driftsmidlar 2020 for Trygg Trafikk Vestland